

## SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

### PROTOKOLL

Måndag **14. september 2020** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Ole-Ørjan Hov.

<b>MØTESTAD:</b>	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
<b>MØTESTART/ -SLUTT:</b>	kl.18.00 – kl. 20.10
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Ole-Ørjan Hov (MDG), Arne Valen (Sp), Solfrid Aasen (Sp), Gustav Eidsvåg (Frp) og Marit Elise Lier (Ap)
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN DELTOK:</b>	Oppdragsansvarsleg revisor Else Holst-Larsen og forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland, Deloitte AS t.o.m. sak 26/20
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Rådmannen Jostein Førre via Teams Økonomisjef Peter O. Lura Kommunalsjef Ingunn Toft i sak 20/20
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ordførar Linn Therese Erve (Ap) Rev.dir. Rune Haukaas og advokat Chr. J. Friestad, Rogaland Revisjon IKS til kl. 18.30
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Utvalsleiar opplyste at det var kome reaksjonar frå Deloitte AS på invitasjonen til RR IKS og han informerte om sitt svar.
<b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>	Utvalet var samd i å flytte fram sak 26 /20 til etter sak 23/20, da revisor ikkje har møterett i sak 24/20, jf. kommuneloven § 24-3. Nestleiar hadde meldt frå om sak under Eventuelt.

Utvalsleiar ønskte Rogaland Revisjon IKS v/Haukaas og Friestad velkommen til presentasjon av selskapet. Tidsramma var sett til 30 min og blei halden. Utvalet ønskte å få presentasjonen tilsendt. Den blei lova sendt sekretariatet for vidaresending.

## **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

### **SAK 19/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.06.20**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 22.06.20 blir godkjent slik han ligg føre.

#### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

Utvalet hadde ingen merknader protokollen.

#### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

*Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 22.06.20 blir godkjent slik han ligg føre.*

### **SAK 20/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF HELSE OG OMSORG**

#### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef helse og omsorg Ingunn Toft si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

#### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

Kommunalsjefen takka for invitasjonen og fortalde at ho hadde vore 15 år i kommunen og 3 år i denne stillinga. Ho viste organisasjonskart over dei 6 einingane ho hadde ansvar for. Ho trakk fram mellom anna stabilitet innan barnevern, deira særleg fokus på barnefattigdom, eit sterkt ønskje om bygging av aktivitetshus, prosjektet «Auka grunnbemanning», årsturnusplanar sidan 2019 og den no pågåande implementering av tryggleiksalarmar og annen velferdsteknologi.

Fokus framover var god kvalitet i tenestene, effektivisering og god økonomistyring. Utvalet hadde spørsmål til kommunalsjefen om sjukefråver, helsestasjon for ungdom og nok kompetanse innan eininga Habilitering. Utvalsleiar takka for orienteringa.

#### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef helse og omsorg Ingunn Toft si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.*

## **SAK 21/20 KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SITT REGLEMENT - 2. GONGS HANDSAMING**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Sveio kontroll- og kvalitetsutval i samsvar med vedlagt reglement, justert august 2020.

### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

Utvalsleiar innleia. Han viste til utskrift frå kommunestyremøtet og oppdatert reglement. Utvalet slutta seg til innstillinga.

### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20 og innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Sveio kontroll- og kvalitetsutval i samsvar med vedlagt reglement, justert august 2020.*

## **SAK 22/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2024 – SVEIO KOMMUNE**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre og med følgjande prioriteringar:

1. Tilpassa opplæring og spesialundervisning
2. Bemanning og sjukefråvær
3. Leverandør- og kontraktsoppfølging

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- Planarbeid
- Pleie og omsorg
- Skulefritidsordninga
- NAV/sosiale tenester
- Habilitering.

Sveio kommunestyret gjev kontroll- og kvalitetsutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3.

### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:**

Forvaltningsrevisor Gjuvslund gjorde merksam på at «pleie og omsorg» var falt ut i innstillinga si uprioritert liste. Utvalet var samd i at dette temaet skulle inn igjen. Utvalet var elles samd i å halde på tidlegare liste over prioriterte og uprioriterte prosjekt.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20 og innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre og med følgjande prioriteringar:*

- 1. Tilpassa opplæring og spesialundervisning*
- 2. Bemanning og sjukefråvær*
- 3. Leverandør- og kontraktsoppfølging*

*og følgjande uprioriterte prosjekt:*

- Planarbeid*
- Pleie og omsorg*
- Skulefritidsordninga*
- NAV/sosiale tenester*
- Habilitering.*

*Sveio kommunestyret gjev kontrollutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3.*

**SAK 23/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – SVEIO KOMMUNE**

**Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kommunestyre vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020- 2024 /slik den ligg føre med følgjande prioriteringar:

1. Sveio Golfpark AS
2. Krisesenter Vest IKS
3. Haugaland Brann og redning IKS
4. Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk (SIM) IKS

Av uprioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt:

- Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen
- Haugaland Kraft AS
- Kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter

Retningslinjer for selskapskontroll i Sveio kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006 og sist endra 2012.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-4.

### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

Forvaltningsrevisor Gjuvsland viste til tidlegare prioriterte og uprioriterte prosjekt.

Valen gjorde framlegg om å sette Krisesenter Vest IKS som prioritert nr 1. Han viste til at selskapet ikkje hadde levert rekneskap for 2019. Rådmannen opplyste at pga. koronapandemien var representantskapsmøtet blitt utsett. Dato var no sett til 27. oktober. Eidsvåg meinte golfparken burde stå øvst som eit viktig signal overfor innbyggjarane, og fekk støtte frå dei andre.

Ved votering av framlegget til Valen fekk det 1 stemme mot 4 stemmer, og falt. Utvalet var så samde i å halde på tidlegare liste over prioriterte og uprioriterte prosjekt.

### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20 og innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kommunestyre vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020- 2024 slik den ligg føre med følgjande prioriteringar:*

1. *Sveio Golfpark AS*
2. *Krisesenter Vest IKS*
3. *Haugaland Brann og redning IKS*
4. *Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk (SIM) IKS*

*Av uprioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt:*

- *Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen*
- *Haugaland Kraft AS*
- *Kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter*

*Retningslinjer for selskapskontroll i Sveio kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006 og sist endra 2012.*

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-4.*

### **SAK 24/20 VAL AV REVISJON FRÅ 01.07.21 – KONKURRANSEBASERT ELLER INTERKOMMUNALT SAMARBEID**

**Sekretariatet si forslag til vedtak/innstilling:**

#### **ALTERNATIV A**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå Sveio kommune å **velje interkommunalt samarbeid** om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Sak om innhaldet i samarbeidsavtala vert lagt fram for utvalet før oppstart.

#### **og innstilling til kommunestyret:**

Sveio kommunestyre vel å gå inn i eit **interkommunalt samarbeid** om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Rådmannen legg fram sak om den nye selskapsavtala og finansiering av innskot seinare i haust eller på nyåret 2021.

#### **ALTERNATIV B**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå Sveio kommune å **fortsetje og kjøpe alle revisjonstenester i markedet** gjennom å konkurranseutsette tenesta i nytt anbod hausten 2020.

Kontrollutvalssekretariatet knyter til seg naudsynt hjelp frå Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet og økonomisjefen i kommunen ved utforming av konkurransegrunnlaget og ved evaluering av anboda.

Sekretariatet førebur sak til kontrollutvalet og kommunestyret våren 2021 om val av revisor frå 01.07.21.

I konkurransegrunnlaget settast det opp følgjande **tildelingskriterier**:

- pris 35 %
- kvalitet 65 % (spesifiserast nærmare vedk. kompetanse, erfaring og løysingsforslag).

I fastdelen inngår hovuddel av rekneskapsrevisor sine oppgåver, dvs. revisjon av årsrekneskap, forenkla etterlevingskontroll, diverse attestasjonar, spillemiddelrekneskap, finansreglement, lån, bebuarekneskap, EU-prosjekter, osv. (spesifiserast nærare i konkurransegrunnlaget).

I timebetalt oppdrag inngår bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Fullstendig omtale av leveransen vil følgje i «kravspesifikasjon».

Estimert verdi på avtalen er samla 0,4 mill. kroner årleg. Total kontraktsverdi er ca. 1,7 mill. kroner.

Desse beløpa beror på estimat med bakgrunn i historiske tall og skal ikkje medføre nokon forplikingar for oppdragsgjevar eller rettigheter for tilbydar. Det tas atterhald om endringar i volum som følgje av endra økonomiske rammevilkår, prosjekter og kommunal aktivitet.

Rammeavtalen trer i kraft frå 01.07.21 og varer til 30.06.25. Oppdragsgjevar vil ha en opsjon på å forlengje avtalen i ytterlegare 1 + 1 år, etter dei vilkår som er avtalt i kontrakten.

### **og innstilling til kommunestyret:**

Sveio kommunestyre vel å fortsetje og **kjøpe alle revisjonstenester i markedet** gjennom å konkurransesette tenestene i nytt anbod hausten 2020.

Kontrollutvalssekretariatet knytte til seg naudsynt hjelp frå Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet og økonomisjefen i kommunen ved utforming av konkurransegrunnlaget og ved evaluering av anboda.

Sekretariatet førebur sak til kontrollutvalet og kommunestyret våren 2021 om val av revisor frå 01.07.21 på bakgrunn av innleverte tilbod.

### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

Revisor fråtredde i medhald av kommuneloven § 24-3. Utvalsleiar innleia .

Arne Valen (Sp) meinte interkommunalt samarbeid var ein betre ordning, då han la sterkt vekt på kontinuitet, hjelp og nytte frå eigarkommunane og IKSet si tverrfagleg kompetanse. Han fremma difor innstillinga si alternativ A. Utvalet støtta hans framlegg og trakk også fram at det var ein stor jobb med anbod, som kravde store ressursar i forkant av kvar ny avtaleperiode. Interkommunalt samarbeid var ifølgje utvalsleiar det meste fornuftige valet.

Konkurransegrunnlaget blei også drøfta, for ikkje skape forseinkingar dersom kommunestyret likevel skulle velje alternativ B. Utvalet støtta Bokn og Utsira sine vedtak om å endre tildelingskriteriene til pris 40 % og kvalitet 60 %.

Ved votering mellom alternativ A og alternativ B, fekk alternativ A 5 stemmer og alternativ B 0 stemmer.

### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20**

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå Sveio kommune å **velje interkommunalt samarbeid** om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.*

*Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.*

*Sak om innhaldet i samarbeidsavtala vert lagt fram for utvalet før oppstart.*

*Dersom Sveio kommunestyre ikkje vel å gå inn på eigarsida i Rogaland Revisjon IKS godkjenner Sveio kontroll- og kvalitetsutval følgjande konkurransegrunnlag ved ein eventuelle anbudsrunde:*

**Tildelingskriterier:**

- pris 40 %**
- kvalitet 60 %** (spesifiserast nærmare vedk. kompetanse, erfaring og løysingsforslag).

*I fastdelen inngår hovuddel av rekneskapsrevisor sine oppgåver, dvs. revisjon av årsrekneskap, forenkla etterlevingskontroll, diverse attestasjonar, spillemiddelrekneskap, finansreglement, lån, bebuarekneskap, EU-prosjekter, osv. (spesifiserast nærare i konkurransegrunnlaget).*

*I timebetalt oppdrag inngår bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Fullstendig omtale av leveransen vil følgje i «kravspesifikasjon».*

*Estimert verdi på avtalen er samla 0,4 mill. kroner årleg. Total kontraktsverdi er ca. 1,7 mill. kroner.*

*Desse beløpa beror på estimat med bakgrunn i historiske tall og skal ikkje medføre nokon forpliktingar for oppdragsgjevar eller rettigheter for tilbydar. Det tas atterhald om endringar i volum som følgje av endra økonomiske rammevilkår, prosjekter og kommunal aktivitet.*

*Rammeavtalen trer i kraft frå 01.07.21 og varer til 30.06.25. Oppdragsgjevar vil ha en opsjon på å forlengje avtalen i ytterlegare 1 + 1 år, etter dei vilkår som er avtalt i kontrakten.*

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20 og innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kommunestyre vel å gå inn i eit interkommunalt samarbeid om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.*

*Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.*

*Rådmannen legg fram sak om den nye selskapsavtala og finansiering av innskot seinare i haust eller på nyåret 2021.*

**SAK 25/20 BUDSJETT FOR 2021 – KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN - KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG**

**Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om budsjett for kontrollarbeidet i Sveio kommune med ein totalramme på **kr 720 000,- eks mva** på ansvar 10010 Revisjon og kontrollutval for 2021, fordelt følgjande:



Kontroll- og kvalitetsutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	96 000
Kjøp av sekretærtjeneste (teneste 1100 art 13750 frå HKS IKS)	190 000
Kjøp av revisjonsteneste (teneste 1100 art 13700) frå Deloitte AS	434 000

#### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

Utvalssekretær gjorde greie for oppsettet. Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til budsjettframlegget.

#### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20 og innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om budsjett for kontrollarbeidet i Sveio kommune med ein totalramme på kr 720 000,- eks mva på ansvar 10010 Revisjon og kontrollutval for 2021, fordelt følgjande:*

<i>Kontroll- og kvalitetsutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>96 000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjeneste (teneste 1100 art 13750 frå HKS IKS)</i>	<i>190 000</i>
<i>Kjøp av revisjonsteneste (teneste 1100 art 13700) frå Deloitte AS</i>	<i>434 000</i>

#### **SAK 26/20 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2020**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar den framlagde eigenerklæring for 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

##### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

Medlemmene hadde ingen merknader.

##### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar den framlagde eigenerklæring for 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.*

#### **SAK 27/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.09.20**

22. Statusoversikt september 2020
23. Komm.styrevedtak 15.06.20, sak 127- kontroll- og kvalitetsutvalet –endringar i reglement
24. Innkalling til møte i havnerådet - Karmsund Havn IKS 04.08.20
25. Protokoll fra representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 12.06.20
26. Kommunal Rapport 17.08.20- «Kontrollutvalg kan kreve at komm.dir. stiller på møte»

##### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

Sekretær orienterte. Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 14.09.20:**

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 22 – 26/20 til orientering.*

**EVENTUELT**

Innsyn i politiske saker

Nestleiar Arne Valen hadde i forkant av møtet sendt inn følgjande spørsmål:

«*Hindrar ny møteportal kontroll- og kvalitetsutvalet sitt innsyn i politiske saker?*»

Sekretær viste til kommuneloven § 23-2 om utvalet sitt kontrollansvar og ein særskilt rett til innsyn i alle dokument. Administrasjonen må difor leggje til rette slik at utvalet kan utøve sitt arbeid.

Ordføraren var samd i dette. Rådmannen opplyste at det hadde vore og var tekniske problem med innføring av ACOS sin møteportal, men at feilsøkinga vil bli prioritert. Det hadde også samtidig vore feil på kommunen sine nettsider.

Andre saker var ikkje meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter vedtatt møteplan er neste møtedato måndag **16. november 2020**.

**Saker:** orientering frå kommunalsjef teknisk, forvaltningsrevisjonsrapport om FOS, val av nytt prosjekt, revisjonsplan for rekneskapsåret 2020, revisor si etterlevingskontroll for 2019 og møteplan for 2021.

Sveio/Aksdal, 14. september 2020

Ole-Ørjan Hov  
kontroll- og kvalitetsutvalsleiar

Toril Hallsjø  
utvalssekretær